



Over og under: Nedgangane til kjellaren er solide saker

Arbeidet med opprustinga av Gamleskulen går framover- steg for steg - og det er ikkje ei veke utan at det skjer noko. No er nedgangane til kjellaren støypt og det er solide saker! Primus Motor Jan Erik Olsson opplysar at det neste vert støypinga av golvet og når det er gjort er tida inne til å bestemma kva kjellarlokalet skal brukast til. Utifrå det vert så innreiinga bestemt, men det er ei tid fram dit.



I mellomtida konstaterer leiinga i Uskedal Utvikling at Gamleskulenvert stadig meir populær som møteplass i bygda også for ymse samkomer og møter.

Flaren har til dømes hatt bra besøk også dei 2 siste månadane utan at det er sett nokon rekord. På dei 8 siste opningsdagane har dei flinke dugnadsdamene seld for over 10 000 kroner og besøkethar variert mellom 28 og 51 personar når ein slår saman vaksne og born. Ein av tysdagane i denne månaden har også ein flokk turgåarar frå Rosendal vore innom.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen